

# FJOGNEDOK

-Bibliografisk base over lokalhistoriske artiklar frå Sogn og Fjordane

## Bakgrunn

Fjognedok starta opp som eit prosjekt i 1999 med mål om å få til ei omfattande registrering av det lokalhistoriske materialet for å gjere det tilgjengeleg via Internett. Idéen til prosjektet vart utvikla då fylkesbiblioteket i februar 1999 sende søknad til Statens Bibliotektilsyn om midlar til "Fjognedok" – Lokalhistorisk litteratur på Kulturnett / Biblioteknett Sogn og Fjordane.

Analysering / indeksering av lokalhistoriske skrifter er ein viktig del av dette arbeidet. I bibliotekatalogane kan vi sjå kva for bibliotek som har t.d. Tidsskrift for historielaget for Sogn, Jul i Sunnfjord, Årbok for Nordfjord, - men ikkje kva for artiklar som er å finne i hefta. Difor blir det mykje leiting i sjølve dokumenta når ein lånar/brukar f. eks. meiner at "...det stod noko om Førde Husmorskule i Jul i Sunnfjord ein gong på 1960-talet..."

## Målsetjing

Prosjektet "Fjognedok" starta som eit delprosjekt i Biblioteknett Sogn og Fjordane. Prosjektet hadde som hovudmål å byggje opp ein bibliografisk base over lokalhistorisk litteratur frå Sogn og Fjordane. Prosjektet gjekk ut på å analysere og indeksere lokalhistoriske tidsskrift, årbøker, sogeskrift, julehefte, artikkelsamlingar m.m. frå fylket. Dei bibliografiske postane vert samla i ein base på fylkesbiblioteket sin server.

## Økonomi

Prosjektet vart finansiert med midlar frå Sogn og Fjordane fylkesbibliotek, Statens bibliotektilsyn/ABM-Utvikling, og elles med "dugnads-innsats" frå kommunane. Tilskot frå SB/ABMU: 2002: 130.000, 2003: 90.000.

Tidsperspektivet for prosjektet var først 1999-2001, men prosjektet trong meir tid for å få artikkelregistreringa inn i "faste former" som ein del av det daglege arbeidet ved fylkesbiblioteket og evt. nokre folkebibliotek (m.a. Sogndal), etter ei fordeling.

Etter prosjektperioden var målet at ordninga skulle gå inn som ein ordinær del av drifta ved dei einskilde biblioteka.

## Organisering

Desse har vore / er involverte i prosjektet:

- **Prosjektansvarleg:** Solveig Bjordal, Sogn og Fjordane fylkesbibliotek
- **Prosjektleder:** Eli Lothe, Sogn og Fjordane fylkesbibliotek
- **Arbeidsgruppe/ prosjektarbeidarar:**
  - Gunnvor Schei, Sogn og Fjordane fylkesbibliotek
  - Ingrid Dræge, Sogn og Fjordane fylkesbibliotek
  - Reidun Koksvik, Førde bibliotek
  - Gerd Vik, Sogndal bibliotek
  - Kristine Hamre, Sogndal bibliotek/"Spørjevev"-prosjektet
  - Trond Lyslo, Nordfjord Sogelag (hausten 2000)
  - (Torill Berge / Marit Henden, Gloppen folkebibliotek)
  - Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane
  - Asbjørn Tyssen, Sunnfjord Museum (frå 2002)
- **Referansegruppe:**
  - Svanhild Oppedal, Gaular folkebibliotek
  - Marit Sandal, Gulen folkebibliotek
  - Liv Wedvik (1999-2000), Gyri Tolaas (frå 2001), Eid folkebibliotek

## Arbeidet i prosjektet

Det var diverse rundar om det tekniske, og oppkoblinga frå Sogndal til Fjognedok (fylkesbiblioteket)

var ikkje i orden før 29.11.2000.

Prosjektet har i samarbeid med Bibliotek-Systemer AS (Bibliofil) utarbeidd ein tilpassa artikkelmal for registreringsarbeidet. Artikkelmalen ligg tilgjengeleg som pdf-fil.

Ein god "puff" for å kome i gang med det praktiske arbeidet var at Nordfjord Sogelag hadde planlagt å lage eit samleregister for **Årbok for Nordfjord** (1951- 2000). Dette arbeidet vart kobla til Fjognedok-prosjektet.

Registeret vart ferdig i august 2001, og levert til Nordfjord Sogelag. Sogelaget gav ut registeret i eit eige hefte saman med Årbok for Nordfjord for 2001.

Den 22. mai 2000 hadde Nasjonalbiblioteket (NB Oslo) og Fjognedok-prosjektet eit møte i Førde om evt. samarbeid om registrering av tidsskrift i databasen NORART. Vi vart samde om å starte opp eit pilotprosjekt for ein periode på 6 månader frå 01.06.00, og det vart inngått samarbeidsavtale om dette.

I 2001 vart det laga ein førebels rapport (april 2001) om samarbeidet, og deretter vart det laga ein sluttrapport: Oppsummering 1999-2004 - sluttrapport. Prosjektet vart omtala under "Nytt om NORART" (2000-06-29), og hjå ABM-utvikling.

Gunnvor Schei er kontaktperson for Fjognedok, og Turid Gustu Eriksen er kontaktperson for NB Oslo.

Fjognedok-basen ligg søkbar på Sogn og Fjordane fylkesbibliotek sine heimesider. Basen veks jamt og trutt og inneheldt ca. 9700 postar pr. juni 2005. Artiklane har vore til god hjelp ved ymse spørsmål om lokalhistoriske emne.

\* \* \* \* \*

juli 2005  
Eli Lothe